

Uskedal Mjølkelag

L O V E R

vedtekne på årsmøtet 4. mars 1949.

§ 1.

Uskedal Mjølkelag hev til 'uppgåva å umsetja lagslemene si mjølk, og mjølkeprodukt på beste måte.

Laget hev skiftande kapital, skiftande lagslemtal og avgrensa ansvar.

Laget er innmeldt i S/L Vestlandske Mjølkesentral, og pliktar å halda deira lover og gjeldande fyresegner.

§ 2.

Laget hev eit styre på 5 mann.

Formann vert vald av årsmøtet for 1 år um gongen. Varaformann og skrivar vel styret seg i millom.

Alle styremedlemer vert valde for 2 år.

§ 3.

Årsmøtet vert halde kvart år i mars månad.

Styret kan kalla saman til umframnt årsmøte når dei finn det turvande, eller minst 1/4 av lagslemene krev det.

På årsmøtet vert handsama og gjort vedtak um:

Val av styre og ettersynsmenn.

Rekneskapet, korleis laget si innkoma skal nyttast.

På årsmøtet hev kvar lagslem ei røyst, — undanteke i dei saker som er nemnd i § 8.

Vedtak vert gjort med vanleg fleirtal.

Formannen leidar møtet og i tilfelle av likt røystetal gjer hans røyst utslaget.

§ 4.

Formannen kallar saman til styremøte når han finn det turvande, eller når 3 av styret krev det.

Styret kan gjera vedtak når 3 er møtte og desse er samde.

Styret skal føra bok over alle møte og vedtak.

§ 5.

Lagslemene pliktar å levera mjølki til den tid og stad styret fastset.

Leverar ikkje ein lagslem mjølk i den tid han hev mjølk, pliktar han likevel å taka sin del av laget sine utlogor.

Ingen av lagslemene hev rett til å selja mjølk utanum laget, undanteke dei som bur i huset hans, eller arbeider hjå han.

Anna sal lyt han søkja styret um løyve.

§ 6.

Leverar ein lagslem falsk eller skjemd mjølk etter han veit um det, hev han mist eigedomsretten i laget og pliktar betala den skade han hev påført laget.

Ingen må levera mjølk frå kyr dei fyrste 6 døger etter kalvingi, eller frå sjuke dyr.

Hev eit lagslem smittsam sjukdom i huset kan han ikkje levera mjølk før han er fri sjukdomen.

§ 7.

Den kapital som laget treng for drifti vert til kvar tid fastsett av styret.

Kapital til nykostnad skal alltid avgjerast av lagslemmøte.

Skulde ein av lagslemene yverdraga garden til ein annan skal medlemskapet fylgja garden.

Ein lagslem som ynskjer seg ut or laget kan få medlemskapet løyst, mot å taka sin part av laget sin skyldnad, dette avgjer styret.

Er nokon misnøgd med styret sine vedtak, kan vedkomande få saki lagd fram for årsmøtet til avgjerdsla.

Lagslemene sin rett og økonomiske ansvar i laget vert rekna etter det kyrantal han hev innmeldt, dette avgjer styret etter oppgåva frå lagslemene.

Lagslemene sitt ansvar er kr. 50,— for kvar innmeld kyr.

§ 8.

Ved oppløysing av laget, eller ved sal av laget sin faste eigedom, må minst 2/3 av lagslemene rekna etter eigedomsverdet vera møtt fram personleg eller ved fullmakt.

For at avgjerdsla skal vera bindande må $\frac{2}{3}$ av dei frammøtte røysta for oppløysing, eller gjeld det sal, må $\frac{2}{3}$ av dei frammøtte røysta for sal.

Møter ikkje $\frac{2}{3}$ av lagslemene til fyrste møtet, kan nytt møte kallast saman med 1 månads varsel, og då får fleirtalet av dei frammøtte avgjerdsla, men framleides rekna etter eigedomsverdet.

Møtet må ved uppslag kunngjerast minst 14 dagar fyreåt.

§ 9.

Styret skal leida drifti i samsvar med desse lover, tilsetja tenestfolk laget treng og fastsetja løni deira.

Formannen og rekneskapsføraren forpliktar laget sitt namn med sine underskrifter.

Kvar må personleg skriva sitt namn under desse fyresegner for å vera lovleg lagslem.

§ 10.

Forslag til brigde i desse lover må vera komne til styret minst 2 månader før årsmøtet.

Årsmøtet kan vedtaka lovbrigde med $\frac{2}{3}$ fleirtal av dei som møter.